LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Kålås & Sønn byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Trygve Solberg | 12.04.2018 |
| Vår: 16/3105 - 18/11810 | Trygve.Solberg@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest tilbygg og reiskapshus - gbnr 126/1 Hope

**Administrativt vedtak. Saknr: 165/18**
**Tiltakshavar:** Kjell Gunnar Håkull
**Ansvarleg søkjar:** Kålås & Sønn byggevarehandel AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.12.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.03.2018.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Litlåsvegen 47 |
| Bygningstiltak: | Tilbygg våningshus og lagerbygg landbruk |
| Bygningsnummer: | 12499108-2(tilbygg) og 300651909(lagerbygg) |
| Bruksareal: | 41m$^2$ (tilbygg) og 159m$^2$ (lagerbygg) |

**VEDTAK**:
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg våningshus og oppføring av reiskapshus på gbnr 126/1.
Bygningane eller delar av dei må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3105

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar byggesak | Trygve Solberg<br>sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjell Gunnar Håkull | Litlåsvegen 47 | 5955 | LINDÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kålås & Sønn byggevarehandel AS | Sauvågen 83 | 5915 | HJELMÅS |